

## Debatt & kritikk

# Språkdebatt

*Måldebatten i Røde Fane held fram. I dei to siste numra av bladet har K.G. på den eine sida og Olaus og A.L. på den andre stått for ulike syn. Det har til no komi til uttrykk usemje i synet på prinsippielle spørsmål i språkhistoria, tilhøvet mellom dansk og bokmål og synet på fornorsking av bokmålet.*

*I dette innlegget hevdar Olaus at K.G. ikkje pekar ut staten og DNA-regjeringa som hovedfiende i kampen, at han ikkje klargjer kva for to liner som står opp mot kvarandre i målkampen og at hans line for fornorsking av bokmålet betyr forsoning med det danske skriftspråket. Olaus går også mot K.G. si parole om «enklast muleg skriftspråk» avdi*



*denne står i motstrid til parolen om «nynorsk som einaste skriftspråk».*

*Vi prentar også eit innlegg frå mål-aktivistar som går skarpt imot K.G. si line.*

*Vi oppfordrar K.G. til å svare på desse innlegga.*

# ER MÅLKAMP «BLÅKORSVERKSEMD»?

## *Olaus svarar KG:*

### ER MÅLKAMPEN «BLÅKORSVERKSEMD»?

Det er snart eit år sidan eg skreiv innlegget i Klassekampen og hadde eg skrive det no, ville eg ha gått djupare inn på spørsmålet om kvifor kampen for nynorsken er så viktig og om kva vi har å kjempe for og imot. Tildømes har eg ikkje vore klar over at samnorsklinja (om enn noko tilsørd) står slik innafor rørsla som KG presenterer ho.

KG kritiserer innlegget mitt for å vera «uvitenskapelig og anti-marxistisk», men kvar vert det av vitskapen og marxismen i KG sitt innlegg når han vurderer målstriden i dag. I eit innlegg på 14 sider om strategi og taktikk for målkampen, nemner han berre såvidt kampen for å forsvare retten til å bruka nynorsk, og han nemner ikkje kven slaget først og fremst må rettast mot. Dei einaste KG nemner som fiendar, er Riksmålsforbundet, som att-på til er dei mest språkpolitisk dumme her til lands. (Sanneleg ikkje rare fienden!)

### STATEN OG DNA- REGJERINGA HOVEDFIENDEN

For det første: Kva meinest med «språkpolitisk»? Er det spørsmål om berre å finna ord og former som kan godta-

kast av folk, eller er det først og fremst å kjempa for eller mot norsk (nynorsk). For det andre, så er ikkje desse folka dumme.

Det var ein språkpolitisk kløktig ide å setja i verk kampen mot sidemålstilen, faktisk så glup at enkelte bokmålsbrukarar innafor våre egne rekker byrja å vakla. For det tredje er det ikkje Riksmålsforbundet som er spydodden i kampen mot nynorsken i dag, det er staten og DNA-regjeringa, og kampen står ikkje mellom nynorsk og riksmål, men for nynorsk, for retten til å bruka morsmålet, og for å utbreia bruken av det, mot staten og DNA-regjeringa som vil tvinga oss til å bruka bokmål (ikkje riksmål). Kvifor nemner ikkje KG dette? Er det fordi han står på linje med DNA i dette spørsmålet? Mykje tyder på det.

Det står at «Likheten mellom norsk og dansk la grunnlaget for to linjer», men i kva for eit spørsmål var det to linjer? Det som var viktigaste på den tida, som no, var ikkje å laga eit skriftspråk som var enklast muleg, eller mest praktisk, men det var å kjempa for eit skriftspråk som var norsk. I andre land var kanskje effektivitetsspørsmålet det viktigaste når borgarskapet utarbeidde ei norm for skriftspråket, men den særegne utviklinga til det norske borgarskapet, som berre kunne gå føre seg i kamp mot framandveldet,

## SPRÅKDEBATT



*Olau kritiserar KG for å operere med ein «Aasenline» (Ivar Aasen på biletet) og ein «Knudsenline» som om disse skulle representere ein klar proletær og borgerleg line i språkspørsmålet.*

gjorde at kampen for eit norsk språk vart hovudpoenget. Grunnlaget for dei to linjene var ikkje likskapen, men tvert imot uliksskapen, eller rettare sagt at det var to språk i landet. Det var berre ei linje som gjekk inn for å byggja eit norsk skriftspråk (det er skildnad mellom eit felles norsk språk, og eit felles språk for Noreg). Dette var linja til den mest framskridne delen av borgarskapet. At borgarskapet ikkje heilskapleg slutta opp om henne, og tvert imot sveik henne, må sjåast i samanheng med korleis borgarskapet stiller seg til «borgarlegdemokratiske krav», konsekvent vakling, for seinare å gå over til svik. At det norske borgarskapet heldt fram med å skriva dansk var berre uttrykk for kor veikt standpunktet deira for nasjonalt sjølvstende

egentleg var. (Dei valde jo og ein danske til konge.)

KG skriv ikkje kven si linje «Aasenlinja» var, men en kan få inntrykk av at det var den proletære, medan «Knutsenlinja» skal vera linja åt det nasjoanle borgarskapet. Dette er feil. Vi må ta standpunkt til om kravet om nasjonalt sjølvstende var eit krav som tilhørde den borgarlege revolusjonen, eller om det tilhørde den sosialistiske.

Ifølge Lenin er det det første. At det nasjonale borgarskapet la seg på «Knutsenlinja», var ikkje fordi dei ønska eit sjølvstendig kapitalistisk Noreg, men til tross for det, og dei som la seg på denne linja var ikkje dei som såg klårast, men dei som i minst grad hadde oppfatta trongen for eit norsk nasjonalspråk.

### TO LINJER, MEN KVA FOR EIN ER RETT?

KG må klargjera: Stillte det norske borgarskapet parolen om eit nasjonalt språk i Noreg under den borgarlege revolusjonen? Var dette å stå på «Knutsenlinja»? Svarar du ja på begge desse spørsmåla, kan du like godt seia det rett ut at den «fornorska» dansken egentleg har vore norsk sidan lenge før århundreskiftet.

KG skriv mykje om dei to linjene, men han nemner ikkje at ei var rett og ei feil. I fall han meiner at «fornorskingslinja» var feil, vert punkt 5 om DNA litt komisk (for ikkje å snakka om udialektisk). DNA legg seg på den galne linja, den som står i motstrid til linja for å byggja eit norsk skriftspråk, men pga. at dei gjennomførte den galne linja i stort omfang, endar dei opp med eit godt resultat, nemlig bokmålet som ifølgje KG er i hovud-

## SPRÅKDEBATT

sak norsk!?! Denslags logikk trudde eg Erasmus Montanus og «Orakelet frå Blindern» hadde monopol på.

Omlag den einaste påstanden i KG sitt innlegg som eg kan seia meg samd i, er den at nynorsk må verta det einaste skriftspråket i landet (bortsett frå samisk), men kva er argumentet for dette. KG som talar så varmt for eit enklast mulig språk lyt og sjå at det ville vera enklast i dag å læra alle å skriva bokmål, sidan det er det mest innarbeidde på alle omkverve i samfunnet. (Og sidan bokmålet, ifølge KG, kan skrivast norsk, så skulle ikkje nasjonalitetesspørsmålet vera noko «problem» heller.)

Det argumentet vi kommunistar må lufta synet vårt på, er nemndt i «Målrørsla framfor stortingsvalet 1977», utgjeve av Oslo Mållag, der Raud Valallianse legg fram sitt prinsipielle syn: «RV ser på striden for Norsk mål i skrift og tale som ein progressiv nasjonal- og anti-imperialistisk kamp. Spørsmålet gjeld nasjonalspråket, og stammar frå Noreg si tid som koloni med Danmark». Om vi set spørsmålet om effektivitet i høgsetet, har vi lagt oss på ei bakstrevorsk linje i høve til kampen i dag, fordi vi plasserer målkampen på same hylla som andre «tekni-ske» problem, istaden for å sjå på han som ein viktig del av kampen for nasjonalt sjølvstende. (Det gjeld linja til det kommunistiske partiet. Om andre folk har andre grunngevingar, må vi og alliera oss med dei, for dei vil då objektivt fungera progressivt.)

KG gjer eit nummer av at det er stor skilnad på bokmål og dansk i dag. Eit språk er alltid i utvikling. Vi snakkar norsk, ikkje gamalnorsk, danskane snakkar dansk og ikkje gamaldansk. Korleis eit språk utviklar seg er avhengig av man-

ge tilhøve, t.d. den politiske utviklinga i landet. Difor er det heilt naturleg at vi har fått ulik utvikling av dansken i Noreg og Danmark, som var ein koloni og ei kolonimakt som skilde lag. Då framandvel-det mista grepet om Noreg, laut borgarskapet ty til andre middel for å halda på dansken. Dei sette igang med «fornorskinga». Dette var ikkje turvande i Danmark, der dansk var nasjonalspråket.

Den tredje greina, riksmålet, har atter hatt sine særeigne vilkår for å utvikla seg, i dei dansktalande delene av «vestkant»-strøka i nokre av byane.

### «FORNORSKING» AV BOKMÅLET?

Så kjem vi til det som var utgangspunktet for diskusjonen, om Klassekampen si oppmoding om «fornorsking» av bokmålet. For det første må eg få spørja KG korleis han kan påstå at eg er for «konservativt» bokmål? (Kvifor brukar forresten KG hermeteikn på konservativt og radikalt, når han meiner at bokmålet både kan vera «mest norsk» og «mest dansk»?)

Det eg angreip, var oppmodinga om å bruka mest muleg dialektord i bokmålet for å undergrava dansken. Raude Fane har lagt seg på denne linja, og nokre gonger har faktisk resultatet hatt ein del sams trekk med Aftenposten og Morgenbladet når det gjeld å vera ufolkeleg og unorsk i språket. RF og KK er stort sett åleine om å bruka «åssen» osv. i redaksjonelt stoff. KG dreg fram Aftenposten og Morgenbladet, men desse skriv jo riksmål, og ikkje bokmål. KG spør vidare kva som er best å skriva «åssen» eller «hvorledes». Kjenner ikkje KG til at det som vert mest brukt på bokmål er «hvordan»? Han

## SPRÅKDEBATT

kunne heller dra samanlikningar med Dagbladet, Arbeiderbladet og normalt bokmål (det bokmålet som folk vanlegvis reknar for normalt skriftspråk). Det er ikkje feil å bruka dei norske orda og formene som er komne inn i bokmålet alle-reie i dag. Men spørsmålet gjekk opphav-leg på om det var rett å oppmoda til brot på bokmålsnormalen i dag for å ta inn nye dialektord. Det må vera ei målsetting på lang sikt å rydda ut danske ord i skriftspråket, og skifta dei ut med norske ord som lever i dialektane, men dette er underordna det å kjempa for eit norsk skriftspråk (nynorsk), og det er sjølv sagt det norske språket ein må rydda opp i og ikkje bokmålet. Det er greitt at KK og RF nyttar bokmål med den grunngevinga at mange i dag har vanskar med å skriva nynorsk, og at det er feil prioritering av kreftene dersom alle skulle læra seg nynorsk for å få lov til å skriva. Målkam-pen i Noreg har alltid gått ut på å kjempa for eit norsk skriftspråk mot dansk i uli-ke variantar. Dersom KK, RF og KG meiner at bokmålet kan skrivast norsk, seier dei at målkampen like godt kan leg-gast ned fordi han er førd til siger. Dette er ei sabotasjelinje i målstriden.

Når det står isolert må eg vera samd i at følgjande setning er urett: «Det einaste ein oppnår med «fornorskinga» er å hal-de oppe gamle og skapa nye illusjonar osv.» Etter å ha lese innlegget til KG for-står eg at illusjonar og illusjonsmakeri er bakgrunnen for «fornorskinga». Men eg trur ein oppnår endå meir. Det kan føra til endå meir språkforvirring, det vil frei-sta oppheva grensa mellom nynorsk og bokmål, eller med andre ord laga eit sam-norsk, som lenge har vore eit framlegg frå redaksjonen. Det kan verta ei sovepu-te for redaksjonane i visse tidsskrift og

aviser for ikkje å læra seg nynorsk, under dekke av at ein i alle fall «gjer det beste» utav bokmålet. Sist men ikkje minst vil det konkret for Raude Fane tyda at Oslo-dialekten vert favorisert. Ingen kan koma å påstå at det er lettare for folk å skriva eit språk som ligg utanfor det vanlege, det er heller ikkje lettare å lesa det. Når Klassekampen har reportasjar frå Nord-Noreg, er det då lettare å bruka eit konglumerat av bokmål og nord-norske av-styttingar enn å skriva eit språk som er vanleg å sjå i skrift? Dei aller fleste har fått ei viss undervisning i å skriva ny-norsk og bokmål, i alle fall har alle lese begge deler, medan det å skriva dialek-tuttrykk er framandt for dei fleste. (Bort-sett frå heilt spesielle uttrykk, slik som «åssen» og «åffer» er vorte i ein snever krets av progressive skribentar. Om eg hadde skrive «kåleis» og «kåføre» ville dei fleste oppfatta det som trykkfeil.) Så eg trur ikkje dei «praktiske» argumenta åt KG duger her, for det kan ikkje vera tvil om kva som skapar språkforvirring og anarki i språket. Vidare meiner eg at KK, ved å køyra denne «bokmål m/dialekt»-linja stør opp om den linja som seier at Nynorsk ikkje duger for an-dre enn vestlendingar.

### KORLEIS BETRA NYNORSKEN?

Så kjem siste verset (nr. 21) om korleis ein skal betra nynorsken. Her får vi pre-sentert eit døme på «dårleg» nynorsk (el-ler rettare sagt unorsk), og at slikt bør vi kjempa imot. Dette kan høyrast vel og bra ut, men det bleiknar andsynes det faktumet at KG ikkje nemner eit ord om kvar ein må retta hovudslaget for å kasta dansken ut or det norske språket. Vi kan

## SPRÅKDEBATT



*Det er uenighet mellom KG og Olaus både når det gjelder vurderinga av dialekter og skriftspråk.*

ikkje reinska nynorsken utan at vi kjempar mot bokmålet. Slik det står hjå KG, er det berre med på å splitta fronten for nynorsk.

Når det gjeld bokmålsnormalane frå 38 og 59 så er det klart at vi må kjempa mot freistnader på å gjera språket meir ubrukande, ved til dømes å ta inn danske eller engelske (eller russiske for den saks skuld) ord i stort omfang, eller på andre måtar å setja folk i dårlegare stand til å uttrykkja seg skriftleg. Men dette er noko heilt anna enn å reisa parolen i dag om endå meir fornorsking.

I 1959 var så vidt eg veit målkampen temmeleg grøftekøyr, arbeidet i mål-rørsla var mykje innretta på kva former osv. som burde tillatast nynorsk. I ei slik stund kunne reaksjonen gå til felts mot

dei norske orda og formene i bokmålet, som var komne inn medan nynorsken var ein trussel for bokmålet. (Det var den-gong som no slik at «fornorskingslinja» hadde glansperiode samstundes med framgang i målreisinga, og omvendt.)

I dag er vilkåra andre: Kampen står mellom dei som forsvarer nynorsken og staten med DNA-regjeringa som vil tvinga på oss bokmålet. Under slike vilkår er det å svika målsaka når ein påstår at ein kan reformera dansken til å bli norsk. Til slutt om parolen: «Fram for eit enklast muleg skriftspråk». Mot denne vil eg setja: «Fram for eitt norsk skriftspråk, nynorsk, nei til eit enklast muleg skriftspråk». For kva tyder enklast muleg, og når har folket vunne fram ved å følgja den enklaste linja. KG spør kven som har

## SPRÅKDEBATT

---

lettast språk, Alf Prøysen eller André Bjerke, men han svarer klokeleg ikkje på det.

Eg synest det er lettast å lesa André Bjerke, eller Arnulf Øverland for den saks skyld, for der er eg i allefall viss om å forstå kvarteinaste ord, medan hjå Prøysen, Elden eller ToFi kan det forekomma dialektord eg må stussa på. Dette kjem sjølvsagt av kva ein er vandt med å sjå på trykk. Eg har problem med å lesa tekstar som er skrivne på min eigen dia-

lekt, og KG ville kanskje ikkje forstå eit ord av det. Det at danske former automatisk gjer det vanskeleg og norske former lett, er berre noko KG trur.

Målstriden gjeld kampen for nasjonalt sjølvstende, og må reisast med full tyngde i dag når vi skal byggja fronten mot supermaktene sine krigstrugslar og Sovjet sine herjingar i nord. Det nyttar ikkje med «kjære Olaus» eller kjære mor, for slik er stoda.

Olaus

# ER STRIDEN FOR NORSK MÅL AVLEGS?

*Svar til KG frå målaktivistar*

I artikkelen, sin går KG til felts mot Olaus som hevdar at konservativt bokmål bør brukast framfor radikalt bokmål. Vi er samde med KG når han forsvargar norske former i bokmålet. Men KG legg samtidig fram eit heilskapssyn på språkspørsmålet som vi ikkje kan godta. Han påstår at bokmålet er mest norsk. Han gløymer massestriden og tek svært lett på fiendane, dei vert mest borte: Riksmålsforbundet vert framstilt som ein latterleg klovn med einaste oppgåve å verne om *ideen* dansk. DNA har i verste fall gjennomført ei halvveges løysing av språkspørsmålet. Imperialismen ser ut til å vera så godt som daut: Berre USA hadde en offensiv mot norsk sjølvstende i 50-åra.

Dersom verda er slik KG framstiller ho, er striden for norsk mål mest avlegs. Meiner KG vi skal leggja ned stridsøksa til sosialismen løyser problemet for oss?

## SPRÅKDEBATT

### ER BOKMÅLET NORSK?

KG seier at bokmålet er eit norsk/dansk blandingsspråk og at dei sosialdemokratiske reformene har ført til eit omslag i utviklinga av bokmålsnormalen frå mest dansk til mest norsk. Argumenta hans er at bokmålet

- har tatt opp i seg ein del viktig norsk grammatikk m.a. substantiv i hokjønn (trekjønnsbøying), norsk bøying av mange verb osv.
- Det har tatt opp i seg mange norske former som ikkje finst på dansk
- i setningsbygninga har det ein del former henta frå norsk talemål, eller det er mogleg å bruka slike former
- ein del danske former, ord osv. er forbode.

Alt dette er rett, men det er langt frå heile sanninga.

I framstillinga si vandrar KG nokså fritt mellom å snakka om bokmålsnormalen *bokmålet*. Etter det vi skjønar meiner han med dette siste bokmålet som bruksmål. Ein moderne bokmålstekst er til dømes i følge han oftast i hovudsak norsk, men tydelege innslag av dansk. Men er dette ei rett framstillning av bokmålet i dag? Er det slik det vert brukt? Vi meiner nei. *Vi meiner bokmålet i hovudsak er dansk med ein del norske former.*

KG seier også at det går an å leggja seg tett opp til dansk, og vi vil visa at mesteparten av det som vert skrive på bokmål faktisk ligg tett opptil dansk. Vi vil og visa at bokmålsnormalen slett ikkje er så norsk som KG gjer han.

### BOKMÅLSNORMALEN

Norsk talemål og nynorsk har tre kjønn: Hankjønn, hokjønn og inkje-

kjønn. Dansk har ikkje hokjønn som eiga grammatisk form. KG seier at bokmålsnormalen er ein trekjønnsnormal. Det er ikkje utan vidare rett. For dei aller fleste substantiva som er hokjønn i talemålet er hokjønn og hankjønn valfrie former i normalen. Av obligatoriske hokjønns-substantiv finst det knapt over 50 (kua, sola osv.). Men her er det viktig å vera klår over at dansken har vunne viktige sigrar innan skuleverket i dei seinare åra. I skriftlege elevarbeid er det no tillate å bruka hankjønnsform på dei få «obligatoriske» hokjønnsorda. Elevane kan altså godt skrive *kuen, solen* osv. utan at det vert rekna som feil.

**Artiklar og pronomen.** Trekjønnssystemet er heller ikkje på langt nær gjennomført for artiklar og pronomen. Den ubundne hokjønnsartikkelen er (eller bør vera) *ei* på norsk. Men det er fullt tillate å skriva *en* bok — *boken* på bokmål, altså gjennomført hankjønn. Ein kan og rota det heile i hop til varianten *ei bok/boken*, framleis med støtte i bokmålsnormalen. Eigesprønenet i hokjønn heiter *mi* og står etter substantivet — *boka mi*. Når pronomenet er etterstilt som i dette dømet, krev også bokmålet hokjønnsbøying. Men når eigedspronomenet står framfor substantivet, er blanda bøying tillate (*min bok/boka*).

I talemålet og nynorsk skriftmål er det samsvar mellom verkeleg og grammatisk kjønn når pronomenet viser attende til eit substantiv: «Kvar er boka? Eg har ikkje sett *ho*» (henne, a). På bokmål må det heita: «Jeg har ikke sett *den*».

**Verba:** På norsk høyrer svært mange verb til den såkalla a-klassen og bøyest i talemålet og nynorsk skriftmål som hoppa: *å hoppa — hoppa (preterium) — har hoppa*. Etter bokmålsnormalen er prete-

## SPRÅKDEBATT

riumsendinga *-et* (hoppet) sidestilt hovudnormal. I sterke verb er ikkje endinga *i/e* tillate i partisippet etter bokmålsnormalen. Det heiter til dømes skrevet, ikkje *skrivi/skrive* som i talemålet eller nynorsk.

**Diftongar:** I norsk talemål og i nynorsk skriftmål brukar vi diftongar mange stader der dansk har monoftong. Dette gjeld for fleire ordklassar. Vi seier/skriv altså *greip*, ikkje *grep*, *laus*, ikkje *løs*, *blei*, ikkje *ble*, *grein*, ikkje *gren* osv. I bokmål er formene med monoftong svært ofte sidestilt form eller såkalla klammeform. (Det siste gjeld t.d. *grein* (*gren*). For ein del ord er forma med diftong sjølvstendig obligatorisk i bokmål og, det må t.d. heita *stein*. Men også her har dei danske formene den siste tida vunne fram: Etter tilråding frå Norsk Språkråd kan det no t.d. heita både *bein* og *ben* (det siste er klammform både for substantivet og adjektivet) mot tidlegare obligatorisk *bein*.

**Setningsbygning.** Når det gjeld setningsbygninga skil norsk seg klart frå dansk. Nokre særnorske former er til dømes at vi har såkalla dobbel binding, dvs. at vi i samanstillingar med artikkel brukar bunden form av både artikkelen og substantivet. Døme: *Den samarbeidsavtalen* som eksisterer ... Ubunden form av substantivet er teke frå dansk: *Den samarbeidsavtale* som eksisterer ...

Ei anna norsk form er etterstilt eigedomspronomen: foreldra *hans*, ikkje *hans* foreldre, mora *mi*, ikkje *min* mor.

Vi er klår over at ein kan skriva «foreldra hans», «mora mi» osv. innanfor bokmålsnormalen. Men vert det gjort i praksis.

SLIK VERT  
BOKMÅLET BRUKT

Norsk er eit verbalt språk. Vi uttrykker oss gjerne ved å bruka verbet i aktiv form som handlingsberande ledd i setninga. Vi seier «vi vedtok», ikkje «vi fattet et vedtak», «vi reparerte», ikkje «vi foretok en reparasjon». Nynorsken og talemålet skyr slike konstruksjonar som «funksjonærenes arbeidsnedleggelse», men dei er ikkje uvanlege i bokmålet. Slik «substantivsjuke», at ein lagar om verb til substantiv, er kome inn frå dansk og tysk.

KG trekkjer fram Dag Solstad, Jon Michelet, Asbjørn Elden og Alf Prøysen og seier at dei skriv i hovudsak norsk. Vi er samde i det. Men dei held seg ikkje innanfor bokmålsnormalen, men sprengjer han med norske former. Desse forfattarane er då heller ikkje typiske for bokmålsforfattarane. Det er ikkje deira språk det norske folket møter i det dei les. Det er ikkje, slik KG gjev inntrykk av, berre Aftenposten og Riksmålsforbundet som brukar konservativt bokmål. Dei aller fleste forfattarane, avisene og ikkje minst vekepressa brukar eit bokmål som er meir konservativt enn den mest konservative varianten av bokmålsnormalen.

**Døme frå vekepressa:** Gjennomført tokjønssystem, endinga *-et* på a-verba (kastet), enkel binding og framforstilt eigedomspronomen (min bok). Dessutan finn ein mest aldri diftongar. I (veke-)pressa heiter det vet, grep, ikkje veit og greip. Alt dette er tillate etter bokmålsnormalen. Dessutan brukar dei ofte former som ikkje er tillatne: Frem, efter, sprog, lavet. Og det vrirmlar av substantiviserte verbformer.

## SPRÅKDEBATT

Vekepressa har eit opplag på ein million og vel så det.

I skulen vert ofte dei mest konservative formene innom bokmålsnormalen praktisert. Det er tillate å bruka Riksmålsordboken i skulen. Om ein granskar lærebøkene, finn ein at etter 1. klasse har dei gjennomført tokjønssystem.

På mest alle område av samfunnslivet det koservative bokmålet. Folk flest ser sjeldan noko anna enn dette på trykk.

Ein kan ikkje — slik KG gjer — sjå bort frå **kvantiteten**, dvs. kor mange som brukar konservativt bokmål når ein vurderer språksituasjonen. Ein må skilja mellom det som er mogleg innanfor normalen, og bokmålet som bruksmål. Og då er det eit faktum at dei fleste ikkje får høve til å lesa radikalt bokmål i det heile teke.

Difor står språkstriden i praksis mellom nynorsk og konservativt bokmål.

### OPPNORSKING AV DANSK FOR Å STOGGE NYNORSKEN

Brodden i fornorskinga var å stogge nynorsken. Det var Riksmålsforbundet som lanserte denne lina. Riksmålsfolk ville rettferdiggjera at striden sto mellom to norske mål. Forsvararane av riksmålet skjøna at ein måtte kvitte seg med noko av den danske ortografien (til dømes Hjalmar Falk i VG i 1899). Riksmålsforbundet sette ned ein rettskrivingskomite i 1913 som skulle arbeida med fornorskings spørsmålet. Innstillinga frå denne komiteen gjekk for ein stor del inn i 1917-normalen. Sjølv om 1913-komiteen nærmast er å sjå som ein parentes i saga til Riksmålsforbundet, er det som hende likevel svært typisk. Alltid når nynorsken



*Målkaktivistar hevdar at KG har altfor positiv vurdering av den sosialdemokratiske lina i språkspørsmålet. KG kan tolkast slik at bokmålet blie løsinga avdi dei ikkje makta å gjennomføre norsken fullt ut.*

har vore i framgang har fiendane til nynorsken lagt seg på ei samnorskline. Dei har funne det naudsynt med eindringar i norskare lei for å demma opp for nynorsk i skulen.

KG skriv at «Siden den eneste fullverdige løsinga ikke blei noe av, så tvang ei dårligere løsing seg fram. Det var ei typisk norsk sosialdemokratisk løsing ...» (s. 90, pkt 5). Dette kan vi vanskeleg forstå som anna enn at sosialdemokratiet ikkje greidde å gjennomføra norsk fullt ut, og derfor måtte ty til den halvveges løsinga, bokmålet. Vi meiner tvertimot at oppnorskinga av dansken var taktikken deira for å utrydde nynorsken. Er du

## SPRÅKDEBATT

samd i at brodden i fornorskinga er å stogga nynorsken, KG?

### KG OG NYNORSKNORMALEN

I Noreg er vi i den strålende stillinga at vi har utarbeidd ein samnemnar for dialektane på vitskapleg grunnlag, nynorsken. I andre land har skriftmålet vorte til ved at talemålet til makteliten har vorte gjort til landsnorm. Nynorsken er med andre ord uttrykk for einskapen i det norske språket, for likskapen og samanhangen mellom dialektane.

KG er einseitig oppteken av kor vidt det er direkte samsvar mellom Oslo-dialekten og skriftspråka. I alle fall har han døme berre frå Oslo-søraustlandsdialekt når han drøftar radikalt bokmål. Har KG tenkt på at det finst 10 000-vis av ålesundarar o.a. som korkje seier åssen eller åffer?

Vi nemner dette av di KG går inn for ein enkel og heilstøypt normal samstundes som han problemfritt krev retten til lyddrett å bruka åssen og åffer. Vil du tilkjenna andre den same retten? Korleis skal det då gå med kravet om ein enkel og heilstøypt normal? Ser KG at her er det motstridande omsyn å ta? Dersom ein ønskjer ein normal som skal gjelda for heile landet, som er normalen til dei norske dialektane, talemålet til det norske folket, så er det ikkje berre å krevja ei lyddrett attgjeving av sin eigen dialekt i skriftspråket. Vi er ein nasjon med eitt språk. Innan dette språket har vi ulike dialekt-avbrigde som i andre land. Vi treng ein samlande skriftnormal. Dersom ein blindt ser på samsvaret mellom eigen dialekt og skriftspråket, så opnar ein for

bikkjeslagsmål om det skal heita åssen, korleis, kølles, kørr, kossen osb.

KG skriv at «arbeiderkorrespondenter til Klassekampen klarer bare å skrive enkelt og muntlig om de får bruke former som ikke er for langt fra talespråket. Det betyr om de bruker bokmål — radikalt bokmål». (s. 96)

Vi meiner at om vi legg talemålet til grunn, blir skriftmålet nynorsk. Vi meiner at normalen i dag er god og brukande for folk som vil ta han i bruk.

Korleis stiller KG seg til nynorsknormalen slik han er i dag? Side 92 seier han: «Det som arbeidsfolk og nasjonen trenger, er en normal som er enkel, klar og konsekvent, som ligger nær opptil det levende talespråket, og som derfor også blir lett å lære og grei å bruke. En sånn normal finnes i den nynorske skriftnormalen.»

Dersom du meiner dette, KG, kvifor går du då ikkje inn for at folk skal lære nynorsk og ta han i bruk *no*? Kvifor reknar du det som ei umogleg oppgåve for deg sjølv og andre som har lært bokmål å lære nynorsk i dag?

Etter det vi kan sjå meiner KG noko anna om nynorsknormalen på s. 96: «når det arbeidende folket i frihet kan ta på seg oppgava å innføre et enhetlig skriftspråk, så må det skje *på grunnlag av nynorsknormalen*» (vår utheving). Altså er den nynorske skriftnormalen likevel ikkje enkel, klar og konsekvent nok? Kva for endringar vil du så ha?

### SKAL VI SKRIVA NYNORSK ELLER RADIKALT BOKMÅL?

Det einaste argumentet for at vi no skulle ta på oss oppgåva med å utvikla ra-

## SPRÅKDEBATT

dikalt bokmål som ein skrifttradisjon er at det er betre enn nynorsken. Anna avgjera argument finst faktisk ikkje. Nynorsken har no ein meir enn hundre år gamal skriftmåltradisjon bak seg. Trass alt har han og ein temmeleg omfattande bokheim og litt presse, trass alt eit visst innslag i skule og kringkasting. Det er ingen grunn til å reisa ein tradisjon med radikalt bokmål opp mot denne tradisjonen, utan at ein meiner at radikalt bokmål er ein betre samnemnar for dei norske dialektane enn nynorsken. Men KG er samd i at nynorsken er best.

KG vedgår at ein må jobba med bokmålet for å få brukande norsk utav det. Likevel ser det ut til at han reknar det som ei etter måten lett oppgåve å læra radikalt bokmål. Men er det radikalt bokmål KG og andre har lært i skulen, er det *det* dei les i aviser, bøker, blad osv.? Vi meiner at vi har vist at slik er det ikkje. Folk vert forar med danskprega bokmål som ligg tett opptil Riksmålsordboken.

Vår påstand er at dersom ein har språkleg overskot til å skriva radikalt bokmål, så har ein og språkleg overskot til å skriva nynorsk, med mindre ein godtek ein vinglete språkleg praksis, meir eller mindre etter prinsippet å skriva det som fell ein inn i augneblinken.

Kvifor vil KG då ikkje heller jobba for at han og andre skal læra og ta i bruk nynorsken i staden for å jobba med bokmålet for å få det «enkelt og muntlig»? KG nemner at det er ein fordel for ungane hans om dei lærer radikalt bokmål i skulen. Ja, om dei gjer det, er det betre enn om dei lærer konservativt bokmål. Men dei aller fleste ungar lærer aldri radikalt bokmål i skulen. Men kunne KG tenkja seg å vera med på å reisa kampen og krevja at dei skal få opplæringa si på ny-

norsk? (Det trengst ti elevar for at ein skal ha rett til å få skipa nynorske parallellklassar.)

### FORDOMMAR MOT SITT EIGE SPRÅK

KG argumenterer for at ein må bruka bokmål ved å seia at mange arbeidarar har fordommar mot nynorsken. Vi er ikkje sikre på at desse fordommane er så utbreidde som KG hevdar, men om dei er det, kva så?

Kva tyder det at folk har fordommer mot nynorsken? Forstår ikkje KG at dette tyder at folk har fordommar mot sitt eige språk? Forstår ikkje KG at dette er anti-patriotiske fordommar? Kamp mot desse fordommane er kamp mot anti-patriotisme. Det er kamp mot kolonisorane sitt syn på norsk mål. Arbeidarklassen har fordommar mot norsk mål, skriv KG. Jaha. Men kvar kjem desse fordommane ifrå? Kva er politisk arbeid anna enn kamp mot slike fordommar hos oss sjølve og andre? Skjønar ikkje KG at det viktigaste språkpolitiske arbeidet i ei førkrigstid er å få det norske folket til å avvisa kolonisorane sitt syn på det norske målet? Dette synet som dei danske kolonisorane pressa på oss for hundrevis av år sidan, og som andre imperialistmakter har hatt god nytte av sidan? Skal vi ikkje snart stilla på dagsorden å få vaska dette mindereverdsstemplet av vårt eige språk?

Å bruka fordommane som argument mot nynorsken er å bruka undertrykking som argument for vidare undertrykking. KG er vel klår over at fordommane mot nynorsken kjem av undertrykkinga, eller trur han dei berre er der. Undertrykkinga som argument er bortimot einerådande

## SPRÅKDEBATT



*Fra landsmøtet til Noregs mållag i 1978.*

som argument i den konkrete målstriden no. som t.d. i skulemålstriden. Det er svært få, egentleg, som prøver seg med argument av typen at nynorsken er eit mindreverdig språk eller ikkje passar til dialekten på staden (Olaf Allmenningen i Mål og Makt nr. 1-1976). Det vert argumentert med at nynorskbrukarane møter praktiske vanskar, dei får ikkje skikkelege lærebøker, ein må bruka bokmål for å koma seg fram i livet og må bruka bokmål i dei og dei stillingane osb. Dette er i og for seg sant det. Det er det vi meiner med at nynorsken er under undertrykt. Men det er vel ikkje nytt for KG at det kostar å slå seg fri?

### UNDERTRYKKING AV EVNA TIL Å UTTRYKKJA SEG

Kva avgjer kor lett folk har for å uttrykkja seg skriftleg?

1. Om skriftmålet du skal bruka er ditt eige. Om du kan bruka det talemålet du meistarar og er fortruleg med som kjelde og rettesnor når du skriv.
2. Kor god opplæring du har fått i det språket du skal skriva.
3. Kor mykje høve ein får til å lesa sitt eige mål (eller det målet ein skriv).

KG legg einsidig vekt på det første punktet, medan han overser punkt to og tre. Det er ikkje urimeleg å tru at ein som har fått grundig opplæring i bokmål og som dagleg les og høyrer bokmål vil ha lettare for å skriva bokmål enn nynorsk sjølv om talemålet hans/hennar ligg nærare nynorsken. Mange i Noreg i dag har fått ei viss opplæring i nynorsk som side-mål, men dette har jamnast vore lite og dårleg opplæring. Det er ikkje nok til at dei innser fordelane med nynorsk og vel nynorsk som skriftmål når dei les så mykje bokmål og manglar målpolitisk motivering. Ei av dei viktigaste formene for

## SPRÅKDEBATT

undertrykking av norsk mål er dårleg opplæring i norsk. Undertrykkinga av radikalt bokmål er og beinhard når det gjeld opplæring, hardare enn av nynorsken (noko som kjem av at nynorsken har tilkjempa seg visse rettar etter eit hundreår med seig strid). Men skal vi så reisa kampen for betra opplæring i radikalt bokmål? Skal vi ikkje heller kjempa for skikkeleg opplæring i den norsken vi er samde om er betre, nynorsken?

Vi ser med velvilje på at folk får opplæring i radikalt bokmål, men vi kjempar for nynorsken.

### HOVUDSIDA VED SPRÅKSTRIDEN, I DAG ER KAMPEN MOT DISKRIMINERINGA AV NYNORSKEN

Lat oss ta nokre døme på korleis nynorsken blir undertrykt som bruksmål.

#### Undertrykkinga i presse og forlag

NTB brukar berre bokmål. Telegram på nynorsk vert omsette. Journalistane får ikkje bruka nynorsk. Aviser som vil nytta nynorsk må sjølve omsetja NTB-stoff for eiga rekning.

I intervju som Magni Øvrebotten har hatt med journalistar og redaktørar i 7 Oslo-aviser seier ein av redaktørane m.a. at ein nynorskjournalist ikkje vil få jobb sjølv om han er betre kvalifisert enn ein bokmålsjournalist.

I dei omlag 150 avisene som kjem ut her i landet, kjem berre omlag 4,5 prosent av det samla stoffet på nynorsk.

Eit oversyn over målforma i bøker utkomne i tida 1946—1955 syner ein ny-

norskprosent på 11,9 prosent. I 1977 pro-senten sunke til 11 prosent.

#### Staten er bokmålet sin stat

Den viktigaste målkuaeren i dag er likevel staten. Styresmaktene (regjeringa) har ei klår line for å leggja nynorsken i grava, og denne lina vert trufast følgd opp av tene-stemennene på ulike nivå i skulebyråkratiet.

Staten går ikkje av vegen for å bryta si-ne egne lover når det gjeld måljamstelinga. Sjølv om mållova slår fast at «det skal vere rimeleg samhøve i mengd mellom dei to måla», kjem berre 1 prosent av tilfanget frå staten på nynorsk.

I 1970 bad Stortinget NRK om å syta for at nynorskprosenten i NRK skulle verta på minst 25. Enno i dag ligg prosenten på berre kring 20.

**Lærebøker:** Språkkuinga frå staten råkar elevane allereie frå grunnskulen av. Sjølv om lærebokstoda for obligatoriske fag her er god (bortsett frå musikk og kroppsøving), er stoda i dei ikkje-obligatoriske faga ein annan. Her finst berre ei og anna bok og nokre få hefte på nynorsk.

I den vidaregåande skulen er stoda enno mykje verre trass i framgang dei siste åra. Det er dei store læremiddelaksjonane mellom elevane som har pressa staten og tvinga fram denne framgangen. Av godkjende lærebøker fanst det i 1976 26,58 prosent på nynorsk. I 1977 var dette talet stige til 51,22 prosent. Desse tabellane gjeld berre tre av studieretningane i den videregåande skulen. Sidan det ikkje finst tal frå alle dei som er uteletne, skal vi her berre nemna nokre få døme frå skuleåret 1976/77:

## SPRÅKDEBATT



Målaktivistar hevdar at KG undervurderar fiendene til målkampen. Mellom anna omtalar han Riksmålsforbundet som om det skulle være ein ufarleg gjeng med dustemiklar.

|                           | Titlar<br>i alt                           | Titlar<br>på bm | Titlar<br>på nn |
|---------------------------|-------------------------------------------|-----------------|-----------------|
| Formingsfag               | —                                         | 39              | 3               |
| Fiskeri og<br>sjøfartsfag | 82                                        | 81              | 1               |
| Landbruksfag              | 100                                       | 93              | 7               |
| Hushaldningsfag           | 81                                        | 81              | 0               |
| Kroppsoving               | 38                                        | 38              | 0               |
| Musikk                    | Omlag halvparten av<br>titlane på nynorsk |                 |                 |

**Norsken i lærarskulen.** Nedvurderinga av norskfaget frå styresmaktene si side har ført til at norsk ikkje lenger er obligatorisk fag i lærarskulen. Det får følgjer for norskfaget i andre skuleslag. Elevane har ikkje lenger rett til kvalifiserte lærarar i morsmålet sitt. Dette er eit grovt

åtak på den nasjonale og demokratiske retten folk har til å læra å lesa og skriva morsmålet, eit hardt slag mot evna til å uttrykkja seg.

Staten står altså på bokmålet si side i målstriden. Særleg stør han det konservative bokmålet, det kan vera. Men det viktigaste er at *det er nynorsken dei vil knekja*.

**Riksmålsforbundet  
— ein farleg fiende**

«Dansken er dau, men ideen om dansken lever», skriv KG s. 93. Vi trur ikkje Riksmålsforbundet er så umaterialistiske at dei står for noko som ikkje eksisterer. «Riksmålsforbundet er den ideologiske hovudmotstandaren vår» kan vi lesa i Ar-

## SPRÅKDEBATT

beidsprogram for Norsk Málungdom for 1978/79. Vi trur det er meir i samsvar med røynda.

Vi meiner at vi ikkje er tente med å sjå på Riksmålsforbundet som ein slags rokkonissar som spjåkar seg med dansk, som strir for «ideen om dansken». Det viktigaste ved Riksmålsforbundet er slett ikkje at dei skriv «sprog» og «frem» og at dei står fremst på skansen for det mest konservative bokmålet/riksmålet. Riksmålsforbundet ser det tvert om som den absolutte hovudoppgåva si å *knuse nynorsken*, ikkje berre «underminere» han. Dei går målmedvite og systematisk til verks for å kartleggja språksituasjonen dei ulike stadene i landet for å knekkja nynorsken som skulemål. I stor grad har dei lukkast — ikkje fordi dei er nokre lettlege dustemiklar — men fordi dei har god støtte frå styresmaktene, dei er dyktige, hittil har dei vore flinkare enn oss, og ikkje minst, dei er ressurssterke. For det er ikkje nokon fattige kvensomhelstar som sit i leiinga og som står dei økonomisk og politisk. Riksmålsforbundet vert leidd av monopolborgarar og har monopolborgarskapet i ryggen, og dei har medlemmer og sympatisørar i viktige stillingar i kulturlivet, i det offentlege osv.

### DNA OG MÅLREISINGA

KG nemner så vidt at sosialdemokrata-ne likar å framstilla målrørsla og Riksmålsforbundet som motpartar, med seg sjølv som nøytral dommar. Men han seier ikkje eit kløyva ord om kva rolle DNA verkeleg spelar i målstriden!

Saka er at det er DNA som har greidd å gjennomføra den borgarlege politikken i språkspørsmålet, den som Riksmålsforbundet og yste høgre la opp til omkring

1915: Å stogga frammarsjen for nynorsken som skulemål, knekkja målreisinga som masserørsla, få heile spørsmålet over i regjeringskontrollerte komitear og råd, og så gå i gang med å *utrydda nynorsken som bruksmål*.

Føresetnaden for dette var nettopp å få overttydd massane om at det dreide seg om irriterande ulikskapar mellom to *norske* mål som det var mogleg å få saman til eitt gjennom reformer, utan massestrid. Difor kjempa 38-komiteen gjennom at måla skulle nærmast til kvarandre, «på norsk folkemåls grunn». Denne politikken kunne berre først fram om folk ikkje skjøna at striden galdt det norske målet, altså nasjonalmålet.

Det er heilt logisk at DNA går i brodden for å kua norsk mål. DNA har vore det statsberande borgarlege partiet i meir enn førti år, dvs. den førande representanten for imperialismen i Noreg. Sidan Noreg er eit lite imperialistisk land, har politikken til det norske borgarskapet vore *nasjonal nihilisme*, som KG sjølv er inne på. Det vil seia at alt norsk vert stempla som grautmål, bondeskikk og avlegs, «nisseluendensar», og at det vert sett opp imot framsteget i utlandet, særleg USA.

Dei konkrete tiltaka til DNA har vore Norsk Språknemnd og Vogtkomiteen (1968). Vi skal ikkje gå inn på desse no. Viktigare *no* er at heile det statlege skulestellet vert mobilisert for å knekkja nynorsken. Dei siste åra er det først og fremst lokale byråkratar som har gjort opptak til å hiva ut nynorsken frå skulen, ikkje Riksmålsforbundet. Alt frå mobbing til reine lovbrøt har vorte gjengs politikk frå det haldet.

Om du ikkje skjønar DNA si rolle, KG, så vert ikkje påstanden om at målrei-

## SPRÅKDEBATT

singa er ein nasjonal strid anna enn ein floskel. Førebels er det nemleg DNA som representerer imperialismen sine interesser andsynes den norske nasjonen, og at dei framleis står for nasjonal nihilisme syner seg rett så klårt i politikken deira andsynes Sovjetunionen no om dagen.



*Halfdan Koht var fremste talsmann for klasse-samarbeidslina på sin tid og hjerna bak reformen fra 1938.*

### **NYNORSKEN OG DET NASJONALE SPØRSMÅLET**

Språket er eit av kriteria for ein nasjon, og det er ein nasjonal rett for eit folk at dei får bruka morsmålet sitt. Den viktigaste forma for språkunderkuing er at eit folk ikkje får sjå sitt eige mål på trykk.

